



Kommunane i Sogn og Fjordane

Fornyning og innovasjon i offentlig sektor – utlysning av midlar for kommunane for 2016

Fylkesmannen har sett av til saman 5 mill. kroner av skjønnsmidlane for 2016 til fornying og innovasjon i offentlig sektor. I tillegg er det disponibelt ca. 500 000 kroner som tilbakeførte midlar frå andre prosjekt som ikkje vart gjennomførte. Pågåande prosjekt som det tidlegare er vedteke å bruke skjønnsmidlar på, er fullføring av Robek-nettverk med inntil 1 mill. kroner, og 260 000 kroner til kommunane om informasjon og involvering av ungdom i kommunereforma.

Det vert ei utlysning av fornyingsmidlar i 2016 og søknadsfristen for kommunane er sett til 1. mars.

Fylkesmannen har fastsett føringar og fordeler midlane i samråd med KS.

Føringar for midlane:

Prosjekt som ligg innafor eit eller fleire av desse områda vil bli prioriterte:

- 1. Kommunale tenester til asylsøklarar og busetjing og integrering av flyktningar**
- 2. Digital forvaltning, med vekt på brukarvenlege tenester og innhald**
- 3. Samfunnsutvikling og lokaldemokrati, til dømes på desse områda:**
 - Planarbeid, mellom anna med vekt på folkehelse
 - Rekruttering
 - Velferdsteknologi
- 4. Tverrfagleg samarbeid mellom tenester for barn og unge**

Samarbeidsprosjekt der fleire kommunar deltek blir prioriterte. På denne måten vil vi kunne få fram større og meir overgripande prosjekt – mellom kommunar, regionar eller for heile fylket. Kommunar som er med i nasjonale prosjekt, kan få tilskot der det er ein overføringsverdi til andre kommunar i fylket.

Det vert lagt vekt på at prosjekta har ein overføringsverdi, er forankra i kommuneleiinga og hjå tilsette. Prosjekta bør gi klare kvalitetsforbetringar eller effektiviseringsgevinstar. Konkrete gjennomføringsprosjekt blir prioriterte framfor utgreiingsprosjekt. Vi gjev ikkje tilskot til investeringar i utstyr. Den kommunale eigendelen er for fornyingsprosjekta er 50 prosent.

Informasjonsstrategi

God formidling av prosjekta som får tildelt midlar er viktig, også for å vise fram kva fylket oppnår der det er nasjonale mål og føringar. Informasjon vert lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider, og kommunane presenterer prosjekt på sine egne heimesider. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har no utvikla ein ny nasjonal database på oppdrag frå Kommunal- og

moderniseringsdepartementet. Her blir alle prosjekt presenterte, og søknad- og rapporteringsskjema skal også registrerast her.

Vi kjem tilbake med meir informasjon om den nye portalen og tidspunktet for når han vert opna for søknader, på våre nettsider og i e-post over nyttår.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Marit Lunde
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Kopi pr. e-post: Regionråda i fylket v/dagleg leiar